

# Informasjonsskriv til tilsette

- 16. mars 2020



Volda  
kommune

## INFORMASJON FRÅ PERSONALAVDELINGA

### **Tilsette som er heime med born og/eller med heimekontorløysing**

I dag måndag 16. mars er første dag av ein to veker lang periode der alle skular og barnehagar er stengt. Det betyr at svært mange er heime med omsorg for små barn. I tillegg er mange heime med heimekontorløysing. Og nokre er begge deler. Her kjem litt informasjon om kva du og leiaren din må gjere i dei ulike situasjonane.

### **Heime med omsorg for born under 12 år**

Om du på grunn av stengde skular og barnehagar må vere heime frå jobb for å yte omsorg for born under 12 år, skal du nytte omsorgsdagar. Arbeidsgivar betalar ut full løn dei 10 første dagane, altså heile den perioden som skular og barnehagar no er stengt for. Kor mange omsorgsdagar den enkelte har, kjem an på t.d om ein bur saman med den andre forelderen eller er aleine om omsorga, og kor mange barn ein har.

Dette og mykje meir, finn du informasjon om her:

<https://www.nav.no/no/person/innhold-til-person-forside/nyttig-a-vite/stengte-skoler-og-barnehager-gir-rett-til-omsorgspenger>

Du må avtale med næraste leiar at du tek ut omsorgsdagar og korleis dette er tenkt. Det skal også rapporterast etterpå på vanleg måte (bruk eigenmeldingsskjema, alternativet «sjuk barnepassar»)

Volda kommune godtek i sitt reglement uttak av timar og dagar. Det enklaste i denne situasjonen er å gjere om alt til heile dagar. Om du deler dagane med den andre forelderen, er det altså enklare om dykk rapportera ein dag kvar, sjølv om dykk i realiteten tek ut to halve dagar kvar.

### **Heimekontorløysing**

Om du har heimekontor, og ikkje har små barn under 12 år som treng tilsyn av deg, skal du ikkje gjere anna enn det som er avtalt med næraste leiar.

### **Heimekontor og heime med små born under 12 år**

Nokre har avtalt heimekontor, men samtidig fått heim små born som treng tilsyn. Det seier seg sjølve at dette kan verte vanskeleg å kombinere. Det er derfor viktig at du avtalar med næraste leiar om kor mykje av tida du vil bruke på arbeid, og kor mykje av tida du vil bruke på omsorg/tilsyn. Også her blir det enklast om ein reknar

om til heile dagar, sjølv om ein t.d. jobbar halve dagen og er saman med borna halve dagen.

### **Kvifor er dette viktig?**

Det kan verke som detaljar å skulle gjere avtale om alt dette når landet er inne i ein nasjonal krise. Men for Volda kommune er dette svært viktig. Etter 10 dagar kan vi krevje refusjon frå NAV. Om situasjonen skulle vare utover dei 10 første dagane, og den tilsette har rett på fleire dagar, kan dette bety betydelege lønsmidlar for oss. Vi er i utgangspunktet i ein krevjande økonomisk situasjon, og vi ønskjer ikkje at denne skal bli verre.

**Volda 16.03.20**

**Berit Lyngstad**  
**Personalsjef**